



Beate Slettemark Korsøen
Stølen 25a
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/2125 - 23/18961

Saksbehandlar:
Hanne Marie Evensen
hanne.marie.evensen@alver.kommune.
no

Dato:
10.03.2023

Avklaring tiltak og søknadsplikt - gbnr 137/656 Alver

Viser til telefonsamtale 08.03.2023, der vi vart einige om at istadenfor førehandskonferanse til kr 5561,- så skulle eg heller gje deg ein generell tilbakemelding om mellom anna planstatus og søknadsskjemaer som skal nyttast ved søknad om tiltak.

I søknad om førehandskonferanse har du opplyst at du ønskjer å oppføre ei ny altan på 3 meter * 7 meter (21,0 m²), med utgang frå kjøkken.

Veranda med utbygd areal (BYA) ikkje over 50 m², er tiltak som tiltakshavar kan søke om sjølv, jf. pbl § 20-4, og SAK10 § 3-1.

Tiltaket må plasserast minst 4 meter frå nabo. Dersom det er nærare enn det, må du enten få samtykke frå nabo eller søkje om dispensasjon frå avstandskravet i pbl § 29-4. Utifrå kart kan det sjå ut til at du kjem for nærmare gbnr. 137/657.



Eigedomen din ligg innanfor reguleringsplan for Ikenberget delar av Alver utmark GNR 137, sist datert 09.12.09, planid: 1263 200701 og er regulert til bustad.

Reguleringsplanen har ikkje føresegn om utnyttingsgrad, reguleringsplanen blir difor supplert av Kommunedelplan for Knarvik, Alversund og Alverstraumen 2019-2031, jf. føresegn 4.5 i KDP.

Utnyttingsgrad for din eigedom er maks 30 % BYA (bebygd areal) og samla bruksareal (BRA) må ikkje overstige 400 m².

Stipla linje (vist i kart) er byggegrense, tiltaket må ikkje kome i konflikt med denne. Da må det søkjast om dispensasjon frå regulert byggegrense, jf. pbl § 19-2.

Ved innsending av søknad må følgjande dokumentasjon leggjast ved:

[Microsoft Word - 5153n-soknad-om-loyve-til-tiltak-utan-ansvarsrett-2020.docx \(dibk.no\)](#)

[Microsoft Word - 5154n-nabovarsel-2020.docx \(dibk.no\)](#)

[Microsoft Word - 5155n-opplysningar-gjeve-i-nabovarsel-2020.docx \(dibk.no\)](#)

Du skal varsle naboar og gjenbuarar. Dersom du søker om dispensasjon, må du varsle særskilt om dette. Du skal bruke blankett nr. 5155 og i tillegg 5156 eller ein av dei enklare blankettane som ligg under Kvittering for nabovarsel for mindre byggeprosjekt litt lenger ned på same sida. Du kan ikkje sende søknaden til kommunen før fristen for nabomerknader har gått ut. Eventuelle merknader frå naboar, med orientering om korleis desse eventuelt er tekne omsyn til.

[Microsoft Word - 5156n-kvittering-for-nabovarsel.docx \(dibk.no\)](#)

I søknaden må det også leggjast ved :

- målsette teikningar for plan-, snitt og fasade,
- situasjonskart der du har teikna inn kva du skal byggje og vist avstand til nabogrenser, vegmidte, avlaupsleidningar og eventuelt andre bygningar på eigedomen din,
- og du må berekne grad av utnytting. For hjelp sjå her: [grad_av_utnytting.pdf \(regjeringen.no\)](#)
- Eventuell søknad om dispensasjon. Er søknaden avhengig av dispensasjon frå plangrunnlaget eller andre føresegner, er det krav om ein grunnngjeven søknad, jf. § 19-1 i pbl. Les meir her: [Alver kommune - Dispensasjon](#)
- Sjå SAK10 § 5-4 for meir utfyllande informasjon om kva ein søknad skal innehalde. [§ 5-4. Opplysninger som skal gis ved søknad om tillatelse til tiltak - Direktoratet for byggkvalitet \(dibk.no\)](#)

Vi kan ikkje gje deg eit konkret estimat på prisen på din byggesøknad. Dette vil avhenge av om det er naudsynt med dispensasjon, mangelbrev m.m. Her finn du link til gebyrforskriften: [Alver kommune - Gebyr](#)

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Hanne Marie Evensen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

137.656
Pristilbud

Mottakarar:

Beate Slettemark Korsøyen

Stølen 25a

5911 ALVERSUND